

- = Rett
 ▤ = LLS - løft av 2 m rett, strikk dei vridd rett saman
 ▥ = 2 rett saman
 ○ = Kast
 ● = Vrang

Diagram ermer:





Diagram hals:



Forkortingar:

- MM = maskemarkør
 VR = vrang
 R = rett
 AH = Auk høgre
 AV = Auk venstre

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk / #missophie om du vil. Lykke til♥

Elisabeth



Miss Sophie Kjole



Photo: @hmknits

Størrelse:	1 (2) 3 (4) 5 (6)
Overvidde:	80 (90) 100 (110) 121 (131) cm
Bevegelsesvidde:	Ca. 10 cm
Garneksempel:	Dobbel tråd HS Silk Mohair
Garnmengde:	300 (350) 400 (450) 500 (550) g (Dette er eit ca estimat om kjolen når til midt på leggen og du har ¾ ermer. Men det spørs jo kor høg du er.
Pinne:	Pinne 5 og 5,5 (Eller det du må ha for å få rett strikkesfastheit)
Strikkesfastheit:	16/10

Fargeskift:

Om du skal strikke kjole, treng du meir enn 5 hesper. Då anbefaler eg å strikke med ein svart silk mohair som følgetråd. For eksempel fargen James. Om du strikker genser, kan du ha nok med 5 farger. Men du må strikke med dobbel tråd. Rekkefølgen på fargene bestemmer du sjølv. Gjerne i den rekkefølgen du opnar pakkane. Då er fargane gradert inn mot kvarandre.

Mål ca. kor lang kjole du vil ha. Del målet på 5. Dvs. Om du vil at kjolen skal vere 120 cm, deler du 120 på 5 = 24 cm. Då skal du strikke ca. 24 cm med kvar farge. Men for å få overgangen mellom fargane til å verte endå meir gradert, striper (strikker annakvar omg med dei 2 fargane) du inn den nye fargen 2 cm før, altså ved 22 cm. Fortsett å stripe inn den nye fargen i 4 cm totalt, før du går over til å strikke kun med den nye.

Du strikker altså 4 cm med striper mellom kvart fargeskift. Og det einsfarga partiet vert då 20 cm. (24 cm – 2 cm i kvar ende)

Fortsett slik til du har strikka med alle 5 fargane og kjolen har ønska lengde.

Oppskrift:

Legg opp 88 (88) 96 (96) 104 (104) m på pinne 5 mm

Bytt til pinne 5,5 mm og strikk 1 omg. rett.

Strikk 1 omg. vrang.

Strikk 1 omg. rett.

Strikk ein omg. rett medan du auker jamnt fordelt slik: *8 r, auk v* Gjenta *-* omg. ut. = 11 (11) 12 (12) 13 (13) m auka = 99 (99) 108 (108) 117 (117) m Auk 1 (1) 0 (0) 1 (1) m ekstra på slutten av omg. = 100 (100) 108 (108) 118 (118) m

Raglanoppsett:

Omgangen starter midt bak.

Plasser ut raglanmarkører slik:

Strikk 14 (14) 16 (16) 19 (19) m rett (halve bakstykket), sett MM,

Strikk 1 raglanm rett, sett MM,

Strikk 19 (19) 19 (19) 19 (19) m rett (erme), sett MM,

Strikk 1 raglanm rett, sett MM,

Strikk 29 (29) 33 (33) 38 (38) m rett (forstykket), sett MM,

Strikk 1 raglanm rett, sett MM,

Strikk 19 (19) 19 (19) 19 (19) m rett (erme), sett MM,

Strikk 1 raglanm rett, sett MM,

Strikk 15 (15) 17 (17) 19 (19) m rett (halve bakstykket)

Raglan:

Strikk holmønster etter diagrammet på ermane, og glattstrikk på bolen.

Auk til raglan på kvar side av raglanmasken slik: Strikk til MM, AH, flytt MM, 1 rett, flytt MM, AV

Auk slik på kvar 2. omg. totalt 14 (17) 18 (22) 23 (26) gonger. Etter siste aukiing har du 212 (236) 252 (284) 302 (326) m på pinnen. NB! Start raglanaukiing på omg 2 i diagrammet.

Ermer = 47 (53) 55 (63) 65 (71) m

Forstykke/bakstykke = 57 (63) 69 (77) 84 (90) m

Pluss 4 raglanmasker.

Lat raglan-m inngå i forstykket og bakstykket = 59 (65) 71 (79) 86 (92) m på forstykket og bakstykket.

Strikk vidare utan å auke meir.

Når arbeidet måler 16 (18) 20 (22) 24 (26) cm fra oppleggskanten midt framme, delar du arbeidet til bol og ermer. Strikk 29 (32) 35 (39) 43 (46) m (halve bakstykket), sett dei neste 47 (53) 55 (63) 65 (71) m på ein maskewire til erme, legg opp 5 (7) 9 (9) 11 (13) m. strikk 59 (65) 71 (79) 86 (92) m (forstykket), sett dei neste 47 (53) 55 (63) 65 (71) m på ein maskewire til erme, legg opp 5 (7) 9 (9) 11 (13) m, strikk 30 (33) 36 (40) 43 (46) m (halve bakstykket)

Forming av bol:

Dette er eit forslag til forming av bolen. Alle kroppar er forskjellig, så prøv på og fell og auk der det passar din kropp.

Genser:

Vil du strikke genser, strikker du no bolen rett ned til ønska lengde minus 4 cm. Avslutt med 4 cm vrangbord.

Kjole:

Bolen har no 128 (144) 160 (176) 194 (210) m.

Sett 1 MM midt sidene.

Fell 2 m i kvar side kvar 4 cm totalt 3 gonger.

Når arbeidet måler 20 cm fra delingen auker du 2 m i kvar side

Auk slik på kvar 4 cm 2 gonger i kvar side til kjolen er så lang som du ønsker. Prøv på og juster undervegs!

Strikk 1 omg vrang. Strikk 1 omg rett. Fell av.

Ermer:

Plukk opp 5 (7) 9 (9) 11 (13) m under ermet = 52 (60) 64 (72) 76 (85) m

Strikk holmønster heile vegen rundt til ermet måler 16 cm (eller til ønska lengde).

Strikk 1 omg rett. Strikk 1 omg 2 rett, 2 rett saman. Strikk 1 omg rett. Strikk 1 omg vrang. Strikk 1 omg rett.

Prøv på og juster etter dine armer! Fell av.

Hals:

Plukk opp 84 (84) 96 (96) 108 (108) m med pinne 4,5 og strikk mønster etter diagram hals. Pass på å ikkje stramme når du feller av.

